

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/8/41

av 15. november 2010

om godkjenning av at den latviske databasen for storfe er i full drift

*[meld under nummeret K(2010) 7782]***(Berre den latviske teksta er gyldig)**

(2010/692/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1760/2000 av 17. juli 2000 om opprettelse av et system for identifikasjon og registrering av storfe og om merking av storfekjøtt og storfekjøttprodukter og om oppheving av rådsforordning (EF) nr. 820/97⁽¹⁾, særleg artikkel 10 bokstav b), og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I artikkel 6 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1760/2000 (forordninga) er det fastsett at medlemsstatane, som har ein elektronisk database som Kommisjonen reknar for å vere i full drift, kan fastsetje at det skal utferdast pass berre for dyr som er meinte for handel innanfor Unionen og at passa skal leggjast ved berre når dyra vert flytte frå territoriet til den aktuelle medlemsstaten og til territoriet til ein annan medlemsstat.
- 2) Latvia har lagt fram for Kommisjonen ein søknad om godkjenning av at den databasen som utgjer det latviske systemet for identifikasjon og registrering av storfe i medhald av forordninga, er i full drift. Dei latviske styresmaktene har òg lagt fram for Kommisjonen relevante opplysningar med omsyn til om databasen er i samsvar med føresegnene i artikkel 5 i forordninga.
- 3) Kommisjonen undersøkte dei opplysningane som latviske styresmakter hadde lagt fram og kom fram til at søknaden

var tilstrekkeleg grunngeven, med atterhald for visse tilpassingar som dei latviske styresmaktene har plikta seg til fullføre innan 30. september 2010.

- 4) Innan 1. oktober 2010 stadfesta dei latviske styresmaktene at dei hadde gjennomført tilleggstiltaka for å sikre at dei fristane som er fastsette i forordninga for melding av hendingar, vert oppfylte, dyr som er «forsvunne» vert funne og følgde opp og pass som følgjer med dyr frå andre medlemsstatar, vert sende attende til dei rette styresmaktene ved framkomst.
- 5) På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor, er det føremålstenleg å godkjenne at den latviske databasen for storfe er i full drift frå 1. oktober 2010 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Det er godkjent at den latviske databasen for storfe er i full drift frå 1. oktober 2010.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til Republikken Latvia.

Utfërda i Brussel, 15. november 2010.

For Kommisjonen

John DALLI

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellekapsrettsakten, kunngjort i EUT L 299 av 17.11.2010, s. 45, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 112/2011 av 21. oktober 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold) og vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 70 av 22.12.2011, s. 4.

(¹) TEF L 204 av 11.8.2000, s. 1.